

## **Begrepsforklaring til KDP VA.**

Under er det forklart ord og uttrykk som er brukt i kommunedelplanen. For andre definisjonar sjå gjerne Norsk Vann sin [VA-ordbok](#).

Rettleiing til KPA og reguleringsplan er henta frå [planretteiing](#).

### **Vatn og avløp (VA)**

Vatn og avløp omhandlar alt som gjeld forsyning av drikkevatt og handtering av avløp frå hushald og næringsverksemd.

I KPA skal arealformål vere *andre typar bebyggelse og anlegg* (SOSI 1500)

I reguleringsplan skal VA setjast av til *vass- og avløpsanlegg* (SOSI 1540)

### **Overvatn**

Overvatn er overflateavrenning frå regn og smeltevatn som ledast bort på overflaten eller i røyr saman med avløp (fellessystem) , eller i eiga overvassrøyr (separatsystem)

### **Vannbehandlingsanlegg (VBA)**

I eit vannbehandlingsanlegg blir vatnet reinsa slik det har god lukt og smak og er hygienisk trygt å drikke. Krav til drikkevasskvalitet er gitt i Drikkevassforskrifta. Vannbehandlingsanlegga våre er avanserte næringsmiddelfabrikkar som produserer vårt viktigaste næringsmiddel, VATN. ØYVAR sørger for at vi hele tiden er i stand til å produsere tilstrekkelege mengder trygt og godkjent drikkevatt, og held tilsyn og kontroll med kjelder og nedbørsfelt.

Eit vannbehandlingsanlegg er eit anlegg som krev avklart planstatus. Storleik på anlegg er avhengig av kapasitet og vannbehandlingsprosess, må avklarast nærare med ØYVAR. Ved planlegging må det tas omsyn til tilkomst for drift.

I KPA skal arealformål vere *andre typar bebyggelse og anlegg* (SOSI 1500)

I reguleringsplan skal VBA setjast av til *vassforsyningsanlegg* (SOSI 1541)

### **Pumpestasjon (PST)**

I denne planen er pumpestasjon knytt til vassforsyning. Rundt om på leidningsnett er pumpestasjonar bygde for å hjelpe til med å få levert nok vatn med tilstrekkeleg trykk til kundane våre.

Storleik på pumpestasjon er avhengig av kapasitet, men ofte er eit overbygg for pumpestasjon mindre enn 40 m<sup>2</sup>. Ved planlegging må det tas omsyn til tilkomst for drift.

I KPA skal arealformål vere *andre typar bebyggelse og anlegg* (SOSI 1500)

I reguleringsplan skal PST setjast av til *vassforsyningsanlegg* (SOSI 1541)

### **Avløppumpestasjon (APS)**

Ein avløppumpestasjon blir nytta for å pumpe avløpsvatn opp til eit høgdebrett kor avløpsvatnet kan renne vidare ved sjølvfall.

Storleik på pumpestasjon er avhengig av kapasitet, men ofte er eit overbygg for avløppumpestasjon mindre enn 25 m<sup>2</sup>. Ved planlegging må det tas omsyn til tilkomst for drift.

I KPA skal arealformål vere *andre typar bebyggelse og anlegg* (SOSI 1500)

I reguleringsplan skal APS setjast av til *avløpsanlegg* (SOSI 1542)

### **Høgdebasseng (HB)**

I høgdebasseng blir det lagra reint drikkevatt. Høgdebasseng bidreg til å sikre stabilt trykk og forsyning ved til dømes brot på vassleidning og straumstans i pumpestasjonar. I tillegg bidreg høgdebassenga til å jamne ut belastninga på leidningsnettet, ved at vatnet renn ut av bassenga når forbruket er størst, medan bassenga blir fylt opp når forbruket går ned (til dømes om natta).

Storleik på et høgdebasseng er avhengig av volum vatn i bassenget, må avklarast nærare med ØyVAR. Ved planlegging må det tas omsyn til tilkomst for drift.

I KPA skal arealformål vere *andre typar bebyggelse og anlegg* (SOSI 1500)

I reguleringsplan skal høgdebasseng setjast av til *vassforsyningsanlegg* (SOSI 1541)

### **Reinseanlegg (RA)**

I eit reinseanlegg blir avløpsvatn reinsa før avløpsvatnet renn til utslepp i ein resipient. Krav til reinsing er gitt i Forureingsforskrifta og krava er avhengig av storleik og type resipient.

Storleik på reinseanlegg er avhengig av kapasitet og reinseprosess, må avklarast nærare med ØyVAR. Ved planlegging må det tas omsyn til tilkomst for drift.

I KPA skal arealformål vere *andre typar bebyggelse og anlegg* (SOSI 1500)

I reguleringsplan skal reinseanlegg setjast av til *avløpsanlegg* (SOSI 1542)

### **Slamavskiljar (SA)**

Slamavskiljar er ein enklare type reinseanlegg ofte brukt ved mindre anlegg som har utslepp til god sjøresipient.

I KPA skal arealformål vere *andre typar bebyggelse og anlegg* (SOSI 1500)

I reguleringsplan skal SA setjast av til *avløpsanlegg* (SOSI 1542)

### **VA – leidningsnett, teknisk infrastruktur**

Leidningsnett er leidningar for transport av vatn og avløp. Saman med kablar for elektro og tele blir VA-leidningsnett omtalt som teknisk infrastruktur.

I Øygarden kommune finst det over 1000 km med VA-leidningsnett.

I KPA skal det vere fellesføresegn som opnar for etablering av slik infrastruktur i heile kommunen, alternativt er det opning for å sette arealformål *trase for teknisk infrastruktur* (SOSI 2100).

I reguleringsplan skal trase for teknisk infrastruktur settast som arealformål *trase for teknisk infrastruktur* (SOSI 2100), eventuelt delast i underformål *vass- og avløpsnett* (SOSI 2140), *vassforsyningsnett* (SOSI 2141) eller *avløpsnett* (SOSI 2142). Det kan og på reguleringsplannivå vurderast om det er meir hensiktsmessig å nytte fellesføresegn som opnar for teknisk infrastruktur i andre arealformål.

### **Separatsystem og fellessystem**

Separatsystem er leidningsnett der avløp og overvatn ikkje renn i same leidning. I eit fellessystem renn avløpsvatn og overvatn i same leidning. Det var tidlegare vanleg å bygge fellessystem, men det

er i dag ønskeleg med separatsystem då fellessystem inneber unødvendig store mengder med overvatn i leidningsnettet som må pumpast og reinsast.

### **Framandvatn**

Framandvatn er innlekking av grunnvatn eller tilførsel av overvatn til avløpsleding som følgje av utette rør eller ved direkte feiltilkoplingar.